

Norskt Måldyrkingslag

— akademi for det norske målet —

Oslo, 1. oktober 2012

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høyringsfråsegn til «Utkast til reglar om fullmakter og behandlingssaker»

Norskt Måldyrkingslag vil på det sterkaste råda ifrå utkastet til nye reglar; me tenkjer då serleg på punkti 4.2 og 4.3 i høyringsnotatet.

Norskt Måldyrkingslag fylgde prosessen med den nye rettskrivingi i nynorsk tett, og sende m.a. inn to notat til departementet om saki, der det gjekk fram at den faglege kvaliteten på den nye rettskrivingi ikkje held mål. Det var òg sterke faglege innvendingar mot den nye rettskrivingi frå ymist hald i Språkrådet sjølv, m.a. frå fagrådet for normering og språkobservasjon. Når ikkje innvendingane frå eigne fagresursar heller fekk nokon synleg verknad på den endelege rettskrivingi, viser det at styret i Språkrådet ikkje er i stand til å gjera bruk av den faglege kompetansen som ligg i Språkrådet. Det er på denne bakgrunnen ikkje tenleg for det norske målet at Språkrådet ved styret fær utvida fullmakter utan at ein fyrst set klare faglege føringar for Språkrådet som institusjon.

Ordvalet i framlegget til nye vedtekter gjev i røyndi Språkrådet blanko-fullmakt i nynorsk rettskriving. Som prosessen med den nye rettskrivingi i nynorsk har synt oss, kan omgrepet «faktisk språkbruk» løyna ei gjennomgripande systemendring, berre ho vert presentera med eit kreativt utval av informasjon. Med tilnærmingi til bokmål i den siste nynorskrettskrivingi er det i dag sers lite bokmålsgoods som ikkje kan finna vegen inn i nynorsk utan å gjera vald mot «systemomsyn», og «faktisk språkbruk» i nynorsk er som kjent sterkt prega av automatisk omsetjing frå bokmål, slik at formelle hindringar for ei vedhaldande oppløysing av nynorsk skriftmålskultur vert fråverande.

Me kan ikkje sjå anna enn at utkastet til nye reglar soleis bryt klårt med vedtaket i Stortinget om å avskipa samnorskpolitikken. Det er oppgåva åt departementi å handla i tråd med dette vedtaket. Med utkastet til nye reglar skriv Kulturdepartementet frå seg andsvaret for det nedervde norske målet.

Me vil difor råda departementet til å leggja denne saki på is. I staden bør ein oppretta ein granskingskommisjon som ser på korleis dei interne faglege innspeli i Språkrådet vart handsama av styret i Språkrådet, og dra lærdom av dette.

Vensamleg,

Thorgeir Holm (styrelem)